

Årsmelding

2007



SpareBank  
HALLINGDAL





## Innhald

	Side		Side
Har vi nådd toppen	3	Note 5: Garantiar og andre betinga forpliktingar	24
Bankmagasinet 2008	4	Note 6: Prinsipp for periodisering av provisjon, gebyr m.v.	24
Styret si årsmelding for 2007	5	Note 7: Andre driftskostnader	24
Resultatrekneskap	14	Note 8a: Tillitsvalte og tilsette	25
Balanse per 31. desember 2007	16	Note 8b: Ekstern revisjon	26
Noter til konsernrekneskapen 2007	18	Note 9: Pensjonsforpliktingar	26
Rekneskapsprinsipp	18	Note 10: Finansiell risikokommentar	27
Konsolidering	18	Note 11: Likviditetsrisiko	27
Note 1: Obligasjonar og andre renteberande verdipapir morbank	18	Note 12: Finansielle derivater – Spar X, BmB og FRA	28
Note 2a: Aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis	18	Note 13: Gjeld	29
Note 2b: Datterselskap	20	Note 14a: Opplysningar om grunnlaget for utrekning av betalbare skattar	29
Note 2c: Tilknyttta selskap	20	Note 14b: Utsett skatt	29
Note 3a: Risikoklassifisering av utlånsporteføljen	21	Note 15a: Eigenkapital	30
Note 3b: Prinsipp for vurdering av engasjement	22	Note 15b: Kapitaldekning	30
Note 3c: Tap på utlån	22	Note 15c: Kontantstraumanalyse	31
Note 3d: Utlån fordelt etter næring og geografi	23	Årsmelding frå kontrollkomiteen	32
Note 4: Varige driftsmidlar – avskrivningar	23	Revisjonsberetning	33
		Tillitsvalte i 2007	34
		Visjon/Verdiar/Hovudmål	35



Adm. banksjef Knut Oscar Fleten

## Har vi nådd toppen?

– Kunderådgeving blir viktig i 2008

Toppen av kva? Dette er eit ord som gir mange assosiasjonar. Det kan knytast til fysiske prestasjonar, til livsfasar, til arbeidsprestasjonar, til utvikling osv. Som regel forbind vi dette med noko som er veldig bra. Med bankhatten på så er mine refleksjonar knytt til samfunnsøkonomien.

Det er ikkje tvil om at vi også i 2007 har lagt bak oss eit godt økonomisk år. Vi har hatt låg arbeidsløyse, nesten fråvær av konkursar, god etterspørsel, mange og store investeringar i våre lokalsamfunn og auka kjøpekraft for dei fleste av oss. Bankdrifta blir spegla i den generelle samfunnsøkonomien og slik sett vart 2007 eit godt år for banken. Farten i norsk økonomi er framleis høg og det er teikn til tiltakande inflasjon. Den låge arbeidsløysa har ført til forventningar om lønsvekst på nærare seks prosent i årets lønsoppgjær.

Likevel er det no fleire klare signal på at alt ikkje veks inn i himmelen. USA er i ein resesjon. Det gir utsikter til lågare vekst i Europa. Svakare etterspørsel internasjonalt vil også dempe veksten i norsk økonomi framover. Dersom Norges Bank må heve rentene ytterlegare, vil det styrke krona og ei sterkare krone vil få konsekvensar for eksportnæringa. Tal frå Statistisk Sentralbyrå viser at veksten i etterspørselen frå hushaldningane er i ferd med å avta. Med unntak av februar har det vore eit fall i bustadprisane sidan i fjor sommar. Dersom denne utviklinga held fram, vil truleg også bustadmarknaden påverke den økonomiske utviklinga.

Eg er usikker på utviklinga i 2008. Norges Bank prøver å få til ei mjuk landing etter fleire år med fantastisk god vekst. Dersom dei klarer dette vil du og eg merke at forbruksveksten må dempast noko, men vi vil framleis leve godt. Om den internasjonale utviklinga blir svakare enn forventa, og Norges Bank må heve renta pga høg inflasjon – ja då får vi det trongare økonomisk, men sannsynlegvis ikkje merkbar før i 2009. Uansett går vi inn i ei tid med større usikkerheit om framtida. Det er i desse tider kundane skal erfare at banken har dei beste rådgevarane i marknaden for å ivareta kvar enkelt slik at dei skal kunne takle evt. tøffare tider. Det er no våre store investeringar i tilsette blir ekstra verdfull for våre kundar. Dei skal oppleve å ha ein bank- og forsikringsleverandør som ikkje er råseljar av enkeltprodukt, men som tilpassar produkt og tenester ut i frå kunden sitt behov og situasjon.

Vi har endra litt på klesdrakta. Justeringa av vår felles logo vart lansert 7. april. Vi ønskjer gjennom endringa å forsterke oppfatninga av banken som ein dyktig rådgevar for våre kundar – også dei yngre. Sjølv om sjølvbeteninga aukar på alle område, så vil rådgeving knytt til større privatøkonomiske hendingar vere sentral i mange år framover. Det er i dei fysiske møta vi knyter gode relasjonar, og får gjennomført den gode rådgevinga som gjer at du og eg som kunde ikkje treng å tenke mykje bank i kvardagen.

Vi meiner at vi gjennom 2007 har blitt ein betre bank for våre kundar og våre lokalsamfunn. Dette er forbetringar i tråd med vår visjon og som i sin tur dannar grunnlag for ytterlegare suksess i åra som kjem – også økonomisk suksess.

SpareBank 1 Hallingdal – den anbefalte banken.

# Bank- magasinet

2008

SpareBank 1  
HALLINGDAL



## Keisarrinneleg stormannsgalskap

side 8-11

---

Verdspremiere i Hemsedal side 14-15

Ko folk kan få se te å gjæra side 24-25

Musikalsk trivsel  
på Fagernes side 26-27

---

Finn deg ei blomstereng

side 16-17

SpareBank 1

*I Bankmagasinet kan du få eit innblikk i kva for verdiar banken fører attende til lokalsamfunnet.  
– Vi har eit samfunnsansvar, seier adm. banksjef Knut Oscar Fleten.*

*Ring 03202 dersom du ynskjer Bankmagasinet tilsendt.*

## Styret si årsmelding for 2007

Konsernet si verksemd omfattar først og fremst morbanken, men til verksemda høyrer også dotterselskapa Hemsedal Regnskap AS og eigedomsselskapa SpareBank 1 Gol Eigedom AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Ål Eigedom AS, samt investeringselskapet SpareBank 1 Hallingdal Invest AS. I løpet av året er eit nytt selskap kome til, EiendomsMegler 1 Geilo AS (tidlegare Terra Eiendomsmegling Geilo AS) der banken har kjøpt 85 % av aksjane. Det er morselskapet som i hovudsak danner dei økonomiske storleikane i konsernet, men kommentarane omhandlar også heile konsernet.

### Visjon, verdiar og mål

Banken sin visjon er å vere «den anbefalte banken» i banken sitt marknadsområde som er Hallingdal og Valdres. Bankdrifta skal byggje på verdiane «nær» og «dyktig».

SpareBank 1 Hallingdal skal ved hjelp av SpareBank 1 Gruppen vere eit naturleg førsteval som leverandør av alle typar finanstenester som banken tilbyr. Målgruppa er alle kundegrupper med tilknytning til Hallingdal og Valdres. Banken skal profilerast som ein lokalbank med evne til å framstå som nær og dyktig med behovstilpassa løysingar for kundane. Vidare skal banken vere ein aktiv og sterk samarbeidspartnar for næringsliv og offentleg sektor, og i tillegg ein aktiv støttespelar som gir verdi for lokalsamfunnet.

Banken skal framstå som ein attraktiv og god arbeidsplass med medarbeidarar som er prega av vilje og evne til kontinuerleg læring for å styrke banken si konkurransevne.

Banken har målsetting om å oppnå ei god eigenkapitalavkastning for å bevare banken si sjølvstende og lokale forankring. Utlån til personmarknaden skal minst utgjere 60% av brutto utlån. Det er eit mål å halde kostnadsprosenten under 60% og ha ein eigenkapital på minimum 12%.

### Norsk og internasjonal økonomi

2007 vart eit nytt år med sterk vekst i verdsøkonomien, om lag på nivå med året før. Medan Kina og fleire av dei framveksande økonomiane held fram oppover, har utviklinga i USA og i Eurosona vore noko svakare. Norge har hatt ein markert høgare vekst i 2007 enn i 2006, men det er venta at vi har passert konjunkturtoppen. Oljeprisen steig til nye rekordnivå i året, og dette har vore med på å auke aktiviteten i norsk økonomi.

Utviklinga i den amerikanske økonomien vart i 2007 prega av utviklinga i bustadprisane og den såkalla subprime-krisa. Subprime er dårleg sikra bustadlån til personar med låg kredittverdighet. Fallande bustadprisar og stigande renter førte til at finansinstitusjonar måtte ta store tap i dette segmentet. Sentralbanken reagerte på krisa med å tilføre marknaden likviditet samt å setje ned renta. Signalrenta hadde vore 5,25% sidan juni 2006, før den i løpet av hausten vart sett ned med eit prosentpoeng til 4,25%.

Det var venta at ein svakare bustadmarknad ville slå ut i eit lågare privat forbruk. Detaljhandelen viser så langt ikkje nokon klar nedgang, men tillitsindikatorane har falle til låge nivå. Dei siste tala frå arbeidsmarknaden var også svake, og det er venta at veksten i forbruket gradvis vil bli redusert. Konjunkturindeksen ISM (innkjøpssjefane sin indeks) har også falle til låge nivå i løpet av hausten, og det blir spekulert i om vi vil få ein resesjon i USA. Inflasjonen er relativ høg, men det er venta at sentralbanken vil halde fram med å setje ned renta for å stimulere veksten.

I Kina har myndighetene prøvd å bremse den sterke veksten, men på tross av dette blir veksten i 2007 like sterk, eller sterkare enn i 2006. Også fleire andre land i Sørøst-Asia viser sterk vekst. I Japan derimot har utviklinga vore noko svakare det siste året. Aktiviteten i Eurosona har vore høg i 2007, men utsiktene framover er noko svakare. Den europeiske sentralbanken heva signalrenta to gonger i første halvdel av fjoråret til 4,0%, men renta har deretter lege roleg. Inflasjonen ligg på eit høgt nivå og talar for ytterlegare renteauke, men konjunkturindeksane trekkjer nedover.

Den sterke veksten i Norge i 2007 skuldast i tillegg til den høge oljeprisen, at fleire har kome i arbeid. Arbeidsløysa fall frå 2,1% ved utgangen av 2006 til 1,6% i november 2007, og arbeidsinnvandringa har vore stor. Den stramme arbeidsmarknaden vil trekkje veksten noko ned i 2008. Fleire konjunkturbarometer peikar no nedover, og bustadprisane har vist ein fallende trend det siste halve året.

Norges Bank sette opp renta sju gonger i løpet av 2007. Styringsrenta ligg no på 5,25%. Bakgrunnen for renteoppgangen er den sterke veksten i økonomien. Inflasjonen er framleis låg, men har stige noko gjennom året. Desembertal for kjerneinflasjonen viser 1,8%, som er opp frå 1,0% ved inngangen til året. Kredittveksten er framleis høg. Norges Bank vil i si rentesetting framover vurdere den sterke aktiviteten innanlands opp mot dei svakare vekstutsiktene internasjonalt. I 2008 er styringsrenta venta å halde seg på om lag same nivå som ved utgangen av 2007.

Både internasjonalt og i Norge steig lange renter i første halvår 2007, medan dei fall attende i andre halvår i samband med subprime-krisa. I USA har dei lange rentene falle om ein ser året under eitt, medan europeiske og norske lange renter har stige i året. I USA var dei korte rentene på same nivå fram til august, men har falle mykje utover hausten. I Eurosona og i Norge har korte pengemarknadsrenter stige gjennom heile året, men også her vart utviklinga på hausten meir ujamn.

## Strategisk samarbeid i SpareBank 1-alliansen

SpareBank 1-alliansen har som overordna målsetting å produsere og levere konkurransedyktige finansielle tenester og produkt, samt å ta ut stordriftsfordelar i form av lågare kostnader og/eller høgare kvalitet. Privatpersonar og bedrifter skal oppleve lokal forankring, dyktigheit, og ein enklare kvardag.

SpareBank 1-bankane driv alliansesamarbeidet og utvikling av produktselskapa gjennom det felles eigde holdingselskapet SpareBank 1 Gruppen AS. Eigarar av selskapet er SpareBank 1 SR-Bank, SpareBank 1 Midt-Norge, SpareBank 1 Nord-Norge, Sparebanken Hedmark og Samarbeidende Sparebanker AS (18 sparebankar på aust- og vestlandet), samt Landsorganisasjonen/fagforbund knytt til LO.

SpareBank 1 Gruppen AS eig 100% av aksjane i SpareBank 1 Livsforsikring AS, SpareBank 1 Skadeforsikring AS, Bank 1 Oslo AS, ODIN Forvaltning AS, SpareBank 1 Medlemskort AS og SpareBank 1 Utvikling DA. Selskapet har også eigardel i SpareBank 1 Bilplan AS (19,9%) og First Securities ASA (24,5%).

SpareBank 1 Gruppen AS har og det administrative ansvaret for banksamarbeidsprosessane i SpareBank 1-alliansen, der teknologi, merkevare, kompetanse, felles prosessar/utnytting av beste praksis og innkjøp står sentralt. Alliansen driv og utviklingsarbeid gjennom tre kompetansesentra innafor Læring (Tromsø), Betaling (Trondheim) og Kreditt (Stavanger).

Resultata i SpareBank 1 Gruppen viser ei tilfredsstillande utvikling, med ei avkastning over dei målsettingar som er fastsett av eigarane.

## SpareBank 1 Hallingdal si verksemd i 2007

2007 har vore nok eit år med markant utlånsvækst. Spesielt innafor bedriftsmarknaden har banken merka høg etterspørsel etter finansielle tenester. Den tiltakande veksten vi såg mot slutten av 2006 har helde fram i 2007. Innafor privatmarknaden har veksten avteke noko, men er framleis på eit nivå som er over den private kredittveksten i Norge.

Innafor forsikringsområdet har 2007 vore prega av oppfølging av kundane som teikna OTP (obligatorisk tenestepensjon) i 2006, og få etablert nettløysingar for den enkelte. Satsinga på kompetanseheving har ført til at fleire rådgjevarar no handterer både skade og personforsikring.

BankAxxess er ei ny betalingsteneste for bruk ved handel på Internett som vart innført i 2007. Med BankAxxess kan ein handle i norske nettbutikkar utan å gje frå seg kortopplysningar og betalinga skjer direkte frå eigen konto. BankAxxess nyttar BankID som identifikasjon og sikrar at datautvekslinga mellom seljar og kjøpar ikkje inneheld sensitiv informasjon.

Frå 1. mars 2007 vart det innført nye og strengare legitimasjonskrav ved oppretting av konto. Etter denne dato er kun pass gyldig legitimasjon ved utsteding av bankkort med bilde eller BankID. Skal kunden ha sparekonto er førarkort eller bankkort frå annan bank tilstrekkeleg.

Plasseringsområdet har vore prega av ein uroleg børshaust og Terra-saka som verserte i media i lengre tid. Dette har sett ekstra fokus på ulike plasseringsprodukt. Spesielt strukturerte produkt har vorte trekt fram som eit spareprodukt som er komplisert for kundane og stiller store krav til rådgjeving. Ein marknad med stigande rente og dårlegare børsavkastning har også forsterka risikoen med slike plasseringar, spesielt om den er lånefinansiert.

Uavhengig av fokuset på rådgjeving og spareprodukt vart MiFID-reglane (Markets in Financial Instruments Directive) innført frå 1. november. Samstundes kom ny verdipapirhandellov som byggjer på det nye regelverket. Reglane som er eit EU-direktiv vart frå denne datoen innført i EØS. Føremålet med direktivet er blant anna å betre investorbeskyttelsen på tvers av landegrensene, samt å etablere ein marknad i Europa for finansielle tenester.


Den største konsekvensen for banken er at det er innført konsesjonsplikt for å drive investeringsrådgjeving. Alternativet til å søkje konsesjon er at banken driv som såkalla tilknytt agent der banken utfører investeringstenester for eit verdipapirforetak si rekning og risiko. Banken har vald å søkje om eigen konsesjon for å kunne vere sjølvstendig innafor plasseringsområdet. Konsesjonssøknaden er ikkje handsama av Kredittilsynet per januar-08.

I året har banken tilbydd to nye produkt på plasseringsområdet. På våren vart eignedomsfondet SpareBank 1 Eiendomsinvest AS etablert og med det kan banken tilby investeringar i eignedomsmarknaden. Energi er også eit område som er aktuelt for tida og gjennom investeringar i Norsk Energiforvaltning (NEF) kan våre kundar investere i den marknaden.

Som eit ledd i å betre kvaliteten på rådgjeving av kundane starta banken i 2007 med segmentering av kundar etter bidrag og produktbreidde. I tillegg blir rådgjevarane tildelt ei portefølje som skal følgjast opp for å knytte sterkare band mellom bank og kunde. Arbeidet har starta i Hemsedals-avdelinga og blir sett i verk på dei andre kontora i 2008.

Oppfølging av kundar ved spesielle hendingar har vore ein suksess. Det viser seg at SpareBank 1 Hallingdal mistar færre kundar i alderen 18-30 år enn andre SpareBank 1 bankar. Det godskriv vi den oppfølginga vi gjer overfor denne kundegruppa.

Konkurransen på utlånsida er framleis svært hard, men kan sjå ut til å ha avteke noko i 2007. Kraftig stigande rente gjer at iverksetting av renteauke blir gjort til ulike tider og gjer at marknaden blir meir uoversiktleg. Flexilån viser seg framleis som eit populært utlånsprodukt som har stor vekst.



Banken har i 2007 sett fokus på purreutinar, inkasso og engasjementsovervakning. Avtale med nytt innkrevjings-selskap er inngått.

Kvalitetsfokuset på rådgjevingssida, både i privat og bedriftsmarknaden, har bidrege til auka kvalitet i kredittarbeidet i 2007.

SpareBank 1 Boligkreditt AS er eit selskap som er etablert med føremål å overta dei beste bustadlåna frå bankane (lån innafor 75% av takst). Med sikkerheit i slike lån kan selskapet utstede såkalla «særskild sikra obligasjonar» (covered bonds) i den norske eller internasjonale marknaden til god pris. Dette blir difor eit finansieringsinstrument for bankane som delvis kan erstatte ordinære innlån, og samstundes vere med på å sikre at banken kan gje lån med god sikkerheit til ein konkurransedyktig pris også i framtida. Banken har førebudd overføring av lån til selskapet i 2007 og vil starte overføring for fullt i 2008.

Banken sine lokale er i tur og orden rusta opp dei siste åra gjennom fleire ut- og ombyggingar. I 2007 vart ombygginga i Hemsedal ferdigstilt og har gjort dette bygget meir tidmessig og funksjonelt. Installering av personheis har letta tilgjenge i 2. og 3. etasje. I 2007 vart depotfunksjonen

i banken samla på Gol. I tillegg er bemanninga på kundesenteret auka såpass at dei har fått behov for større plass. I november starta arbeidet med eit lite tilbygg på baksida av eksisterande bygg som skal gje plass til fleire rådgjevarar. Ferdigstilling er planlagt i april 2008.

Banken har dei siste 2 åra hatt fokus på at kunderådgjevarane skal kunne vere rådgjevarar i heile produktspekteret som banken tilbyr. Ei omfattande kompetanseheving har helde på i vel 2 år. Dette er nærare omtala i avsnittet om konsernet si organisering.

## Eigarstyring og selskapsleiing

Eigarstyring og selskapsleiing i SpareBank 1 Hallingdal omfattar dei mål og overordna prinsipp som konsernet skal styrast og kontrollerast etter for å sikre innskytarane og andre grupper sine interesser. Konsernet si verksemdsstyring skal sikre ei forsvarleg formuesforvaltning, og gje auka tryggleik for at kommuniserte mål og strategiar blir nådd og realisert.

SpareBank 1 Hallingdal har som eit resultat av dette vedteke at selskapet skal følgje Norsk anbefaling for eierstyring og selskapsledelse (corporate governance) av 28. november 2006, med dei tilpassingar som følgjer av at selskapet er ein sparebank utan eigarkapital som er børsnotert, eller som blir omsett regelmessig.

## Risikoforhold og intern kontroll

Banken har i året vidareutvikla risikostyringsrammeverket, bl.a. gjennom vidareutvikling og formalisering av policy for styring av likviditetsrisiko og renterisiko. Styret handsamar kvartalsvis ein overordna risikorapport. Dette arbeidet vil halde fram i 2008. Vidare har banken etablert ein eigen controllerfunksjon som rapporterer direkte til administrerande banksjef. Controller utfører ei rekkje uavhengige kontrollhandlingar i samarbeid med fagsjefane.

På same måte som dei siste åra er intern kontroll eit prioritert område, og er no integrert som ein del av den daglege drifta. Fagsjefane har eit kvalitetsansvar og står for oppfølging av kontrollverksemda. Rapportering skjer kvartalsvis til administrerande banksjef. I tillegg er Ernst & Young engasjert i interne revisjonsprosjekt. Dette arbeidet har ført til ei kvalitetsheving på fleire område.

## Marknadsrisiko

Marknadsrisiko, eller kurs- og renterisiko omfattar banken sin risiko knytt til posisjonar i valuta, aksje- og rentemarknaden. Banken har ingen valutarisiko utover det som er knytt til eigen valutabehaldning. Mesteparten av banken sine utlån og innskot er på flytande rente, dvs. at renta blir regulert i takt med pengemarknadsrenta. Banken sin utlånsportefølje med fast rente ved utgangen av året er på 101,9 mill. kroner. Av dette er 72,8 mill. kroner sikra med swap-avtalar. Banken har ikkje fastrenteinnskot utover det som er knytt til strukturerte produkt. Dette er særskilt sikra mot rentesvingingar.

I løpet av året har forvaltar av verdipapirporteføljen inngått 2 FRA-avtalar (framtidig renteavtale) som gjer at banken tek noko renterisiko i to tidsintervall, men samla renterisiko er liten og innafor vedteke ramme.

Banken har ei portefølje på 280 mill. kroner som blir forvalta av ekstern forvaltar. Samansetninga i porteføljen har vore nokså uendra gjennom året. Porteføljen hadde ved utgangen av 2007 ei samansetning på ca. 10,3% aksjar og 89,7% obligasjonar/sertifikat. Aksjeposten har ein liten overvekt av norske aksjar i høve til utanlandske aksjefond og har ei god spreiding mellom ulike sektorar. Urealisert gevinst knytt til aksjeposten var på 6,8 mill. kroner ved utgangen av året. Obligasjonsporteføljen er sett saman av papir med kort durasjon for å redusere renterisikoen mest mogeleg, men det avgrensar samstundes avkastningspotensialet. Gjennomsnittleg durasjon var ved utgangen av 2007 på 0,26 mot 0,21 for eit år sidan. Den totale renterisikoen i balansen blir vurdert som liten. Sjå elles nærare detaljar i note 10.

Den amerikanske dollaren har svekka seg mot euro i 2007, medan norske kroner har styrka seg mot dollar og euro. Dette har influert negativt på avkastninga for den internasjonale aksjeporteføljen. Den amerikanske aksjemarknaden hadde ein liten oppgang i 2007, medan Oslo Børs gjekk opp med 11%.

Avkastninga til porteføljen for heile året vart 4,22%. Dette er noko under referanseindeksen sin avkastning. Som følgje av den internasjonale kredittkrisa, vart både kredittspreadane og forskjellen mellom stats- og swaprenter høgare i andre halvår, og bidrog negativt til avkastninga.

### Kredittrisiko

Kredittrisiko er definert som faren for tap som følgje av at kundar eller motpartar ikkje har evne eller vilje til å oppfylle sine forpliktingar overfor banken. Kredittrisiko er knytt til mogelege tap på utlån eller garantiar til kundar, i tillegg til tap på plassering i verdipapir med mindre solide utstedarar. Kredittrisikoen er banken sitt mest vesentlege risikoområde. Banken har etablert standardiserte rutinar for kredittgjeving, etablert fullmaktsstruktur og innført risikoklassifisering av alle lån. Risikoprofilen i porteføljen har endra seg lite i året. Lån med høg risiko, svært høg risiko eller misleghald utgjer om lag 13,0% av porteføljen. 87,0% av porteføljen har ei risikoklassifisering frå moderat til svært låg. I løpet av året er andelen lån til privatmarknaden redusert frå 64,1% ved starten av året til 62,4% ved slutten av året. Tala for lån til bedriftsmarknaden har tilsvarende auka frå 35,9% til 37,6%. Dette er ei utvikling som kan gje noko høgare risiko enn om andelen lån i privatmarknaden aukar. Banken har ei målsetting om å ha maksimalt 40% av utlånsengasjementa til bedriftsmarknaden.

For næringslivskundar utgjer engasjement med moderat eller lågare risiko 76,6 prosent (81,4 prosent i 2006) av porteføljen. Utviklinga viser ein noko redusert andel engasjement med moderat, låg eller svært låg risiko i 2007. Denne auken i lån med høgare risiko skuldast delvis nokre lån som banken gir i saman med andre bankar og som ikkje blir fullstendig risikoklassifisert i våre

system. Endringar i risikosamansetninga blir overvaka i banken sin risikorapport, og er på eit nivå som må kunne karakteriserast som normal variasjon.

Banken sin utlånsportefølje er i stor grad retta mot eigedomar og er difor i liten grad eksponert i forhold til dei mest risiko- og konkurranseutsette næringane. Banken hadde ved siste årsskifte 5 engasjement som overstig 10 prosent av banken sin netto ansvarlege kapital (66,2 mill. kroner), eit av dei er banken sine eigedomsselskap. Engasjementa utgjorde 62,3% av netto ansvarleg kapital. Banken har til saman 41 engasjement over 10 mill. kroner som til saman utgjer 1.084 mill. kroner.

Banken hadde ved utgangen av 2006 i alt 969 næringslivskundar med ein gjennomsnittleg engasjementsstørrelse på 2,3 mill. kroner. Dette gir ei god risikospreiing.

For personkundar utgjer engasjement med moderat risiko eller lågare 94,3 prosent (93,8 prosent i 2006) av porteføljen. Risikoklassifiseringa viser at personkundane har ein stabil risikoeksponering over tid, og der andelen med høg risiko er svært låg.

I banken sitt risikoklassifiseringssystem er det mogeleg å følgje endring i porteføljesamansetninga over tid – såkalla migrering. Den viser om porteføljen flyttar seg til betre risikoklassar, er uendra eller flyttar seg til dårlegare risikoklassar. Tabellen under viser migrering i 2007 for alle utlån, kredittar og garantiar.

### Migrering

	Migrering i kroner	*)
Betra/uendra risikoklasse	4 315 496 845	80,3
Migr. 1 risikoklasse per 12 md.	707 578 445	13,2
Migr. 2 risikoklassar per 12 md.	198 952 038	3,7
Migr. 3 risikoklassar per 12 md.	84 438 133	1,6
Migr. meir enn 3 risikokl. per 12 md.	69 468 952	1,3
<b>Sum</b>	<b>5 375 934 413</b>	<b>100,0</b>
«Positiv migrering»	1 274 682 911	23,7
«Negativ migrering»	1 060 437 568	19,7

\*) Migrering i % av total portefølje

Samla sett har ein større del av porteføljen uendra eller betre risikoklassifisering no enn for eit år sidan. Dette viser at kvaliteten i porteføljen har blitt betre sjølv med nesten 20% utlånsvekst.

I 2007 er det venta og budsjettert med 4 mill. kroner i samla tap.

Styret vurderer samla kredittrisiko som tilfredsstillande.


### Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risikoen for at banken ikkje er i stand til å refinansiere si gjeld eller ikkje har evne til å finansiere ein auke i eigedelar utan vesentlege ekstrakostnader. Styringa av banken sin finansieringsstruktur tek utgangspunkt i ein overordna policy for likviditetsstyring som blir gjennomgått og vurdert av styret minimum årleg. Banken



har ein langsiktig fundingstrategi og søker å redusere likviditetsrisikoen ved å ha eit balansert forhold mellom langsiktige og kortsiktige innlån, spreiding til ulike marknader og låneinstrument. I tillegg legg banken vekt på å ha ein spreidd forfallsstruktur som reduserer refinansieringsrisikoen mest mogeleg.

Banken har eit behov for å hente pengar i marknaden til å finansiere differansen mellom innskot og utlån. Sjølvfinansieringsgraden har gått noko ned i 2007 som følgje av god utlånsvekst, og det har difor vore behov for å auke innlåna frå marknaden. Samla innlån i 2007 utgjer 790 mill. kroner der 100 mill. kroner er refinansiering eksisterande lån. Tilgangen på likviditet i marknaden har stort sett vore god, men turbulensen i marknaden etter bankane sine tap på såkalla «subprime-lån» i USA, har ført til dyrare innlån for banken. Konsernet sin likviditetssituasjon per 31.12.07 er god. Av konsernet sitt totale innlånsvolum skal 30% refinansierast i 2008. Banken har ein nokså høg andel korte innlån ved utgangen av året, noko som skuldast forsinka oppstart av overføring av bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt. Banken har ei god fordeling av innlån i ulike marknader, ulike innlånsskilder og forfallstidspunkt. Innskot er konsernet si viktigaste finansieringskjelde og ved utgangen av 2007 er innskotsdekninga 59%.



### Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er definert som risiko for feil og manglar som konsekvens av mangelfulle system, rutinar og kompetanse. Konkrete døme kan vere:

- Menneskeleg svikt og manglande kompetanse
- Svikt i IKT-system
- Uklar policy, strategi eller rutinar
- Kriminalitet og interne misleghald
- Andre interne og eksterne årsaker.

Fagsjefane har ansvar for kvalitet innafor sine fagområde. Det blir gjennomført kvartalsvise kontrollhandlingar på kvart fagområde som blir rapportert til administrerande banksjef. Controllerfunksjonen er også tidlegare nemnd. I tillegg satsar SpareBank 1-alliansen og banken på kompetanseheving gjennom kontinuerleg tilbod om etterutdanning/vidareutdanning og sertifisering som SpareBank 1-rådgjevar.

### Konsernet sin organisasjon

SpareBank 1 Hallingdal har ikkje hovudkontor. Bankverksemda blir drive frå fire likeverdige fullservicekontor lokalisert i tettstadene Ål, Hemsedal, Gol og Fagernes. Dotterselskapet Hemsedal Regnskap AS er lokalisert i Hemsedal. EiendomsMægler 1 Geilo AS er lokalisert på Geilo.

Ved utgangen av året hadde konsernet 89 heil- og deltidstilsette. Samla årsverk ved utgangen av året var på 80,6 mot 71,0 årsverk året før.

Samla personalkostnader, inkludert pensjonskostnader og sosiale kostnader utgjorde 42,1 mill. kroner i 2007. Godtgjersle til administrerande banksjef, styret og andre tillitsvalde går fram av notane. Det same gjer lån og garantiar til banken sine tillits- og tenestemenn.

Morbanken held i 2007 fram med si satsing på kompetanseheving. Fleire tilsette deltok på vidareutdanningsprogram, i hovudsak innafor BI-systemet. I 2005 var banken delaktig i å få på plass eit utdanningsprogram innafor alliansen, læringshuset PM (privatmarknaden). Implementering av dette er gjennomført og det er eit stort kompetanseløft som er gjennomført i banken på dette området dei to siste åra, blant anna:

- 671 e-læringsmodular er gjennomført og bestått.
- Alle tilsette (inkl. lengre vikariat) har gjennomført 1,5 dagers kurs i Etikk og god rådgjevingsikk.
- Alle tilsette (inkl. lengre vikariat) har godkjent og bestått e-læringsmodul i den nye kvitvaskingslova
- 30 tilsette har gjennomført 2 dagers kurs i Sparing i rentemarked
- 29 tilsette har gjennomført 2 dagers kurs i Porteføljeteori
- 17 tilsette har gjennomført eit 6 månaders selgerutviklingsprogram
- 31 har godkjent systemtrening i Skadeforsikring PM
- 38 har godkjent systemtrening i Personforsikring PM
- 35 har godkjent systemtrening i Finansiering PM
- 42 har godkjent systemtrening i Betalingsformidling PM
- 33 har godkjent systemtrening i Plassering PM
- 51 har godkjent systemtrening i rådgjevingsverktøyet Rådgiver PM

Banken er ein av dei SpareBank 1-bankane som har kome lengst i implementeringa av kompetanseløftet. Kompetanseløftet vil halde fram i dei komande åra.

I 2007 har banken vore delaktig i utvikling av eit tilsvarande utdanningsprogram i alliansen for bedriftstrådgjevarane, læringhuset BM (bedriftsmarknaden). Implementeringa av dette er sett i verk, og det vil vere eit vesentleg kompetanseløft for bedriftstrådgjevarane dei komande åra.

Styret vurderer banken sitt arbeidsmiljø som tilfredsstillande. SpareBank 1 Hallingdal har eit eige Arbeidsmiljøutval. Arbeidsmiljøutvalet sine medlemmer og verneomboda er gitt nødvendig opplæring. Banken har medlemsavtale med Hallingdal og Valdres Bedriftshelseteneste (HAVA BHT). Bedriftshelsetenesta har hjulpet banken med HMS-arbeidet, bl.a. gjennom deltaking på AMU-møter, gjennomføring av arbeidsplassvurderingar og ergonomiopplæring. Dei er disponibel i samband med oppfølging av sjukefråvære m.m. Den årlege klimaundersøkinga er gjennomført i 2007, og er følgd opp på alle nivå i banken. I 2007 vart det sett i gang eit arbeid med vidareutvikling av HMS-systemet inkl. risikovurdering for HMS-områda i banken. Dette arbeidet held fram og vil bli slutført i 2008.

Sjukefråværet i banken er stabilt lågt og under gjennomsnittet i bransjen. I 2007 var samla sjukefråvære på 3,6% av total arbeidstid (mot 4,4% i 2006). Av dette var 3,0% legemeldt (mot 3,7% i 2006), og skuldast i hovudsak fleire langtidssjukemeldte som fordeler seg med 0,6% for menn og 5,3% for kvinner. I Hemsedal Regnskap AS har sjukefråværet vore 5,5% i 2007 mot 0,9% i 2006, og skuldast også i hovudsak langtidssjukemeldte. I EiendomsMegler 1 Geilo AS har sjukefråværet vore tilnærma 0%.

I løpet av 2007 har banken fått 11 nye medarbeidarar i fast stilling eller lengre vikariat. Det har vore låg «turnover» i 2007. Til saman har 3 personar slutta, to av desse har gått av med pensjon.

Banken har ikkje vore utsett for ran i 2007, og det er ikkje registret personskadar eller ulykker av nokon art.

Banken ønskjer å ha fokus på miljøet. Banken si verksemd forureinar ikkje det ytre miljøet direkte, men sidan banken har ei desentralisert organisering som ikkje har noko hovudkontor blir det ein del reiseverksemd mellom avdelingskontora, og i samband med møteverksemd. Dette medfører ein del bilkøyning, som dei siste åra har hatt eit omfang på ca. 210.000-215.000 km. pr. år. for morbanken. I 2008 kjøper alle bankar i SpareBank 1-alliansen videokonferanseutstyr med ei konkret målsetting om å spare miljøet gjennom mindre reising, og effektivisere tidsbruken gjennom mindre reisetid.

## Likestilling

I samsvar med krav i likestillingslova skal det i årsmeldinga gjerast greie for situasjonen i konsernet når det gjeld likestilling.

Tilsette i konsernet per 31.12.07 fordelte seg med 62% kvinner og 38% menn. Ved utgangen av 2007 hadde morbanken 77 tilsette tilsvarande 69,6 årsverk. I morbanken var fordelinga 64% kvinner og 36% menn. På leiarnivå er kvinneandelen i konsernet 32% og i morbanken 35%. I styret er samansetninga 4 menn og 3 kvinner.

Gjennomsnittsalderen for tilsette i dotterselskapa er 43 år i Hemsedal Regnskap AS og 36 år i EiendomsMegler 1 Geilo AS. Gjennomsnittsalderen for tilsette i morbanken er 43 år. Gjennomsnittsalderen for kvinnene er 41 år, mens det for kvinnelege leiarar er 46 år. Tilsvarande er gjennomsnittsalderen for menn i morbanken 47 år, medan det for mannlige leiarar er 46 år. Det er ikkje lønsforskjellar mellom kjønna i banken for medarbeidarar i same type stilling, men det kan vere stor lønsforskjell mellom stillingar ut frå stillingsinnhald og krav til kompetanse.

Arbeidstida er lik for begge kjøn, men kvinner ønskjer i større grad redusert arbeidstid enn menn. Banken har såleis ei overvekt av kvinner i deltidsstillingar.

Banken oppmuntrar og legg forholde til rette for kompetanseheving og rekruttering av kvinnelege tilsette i ledige leiarstillingar. Forholde blir lagt til rette blant anna gjennom fleksible arbeidstidsordningar, permisjonsordningar og utdanningsavtale. Store moglegheiter for å ta del i og ansvar for prosjekt og fagleg utvikling må og sjåast som eit ledd i banken sitt likestillingsarbeid.

I 2007 har det i to av tre faste leiarstillingar vorte tilsett kvinnelege leiarar. I tillegg har tre av våre mannlige tilsette anten fornya sine leiarstillingar på åremål eller engasjement. I 2007 tilbydde banken dei kvinnelege medarbeidarane mogelegheit til å søkje banken om å få plass på finansbransjen sitt leiarprogram for kvinner, Futura-programmet. Ein av våre kvinnelege medarbeidarar er vald ut og skal gjennomføre dette leiarprogrammet i 2008, med vår adm. banksjef som mentor.

## Resultatet for 2007 i morbank

Driftsresultatet før tap og skatt i morbank vart 50,4 mill. kroner eller 1,1% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. I høve til 2006 er dette ein auke frå 40,5 mill. kroner, eller 1,0%. Resultatbetringa skuldast i hovudsak auka renteinntekter som følgje av høg utlånsvekst og høgare rentemargin.

Resultatet før skatt er på 44,7 mill. kroner og uendra frå 2006. Etter fleire år med netto inntekter frå tapspostane pga. reduksjon i avsetningane, har banken i år bokført 5,6 mill. kroner i tap.

Resultat etter skatt enda på 31,8 mill. kroner mot 32,7 mill. i 2006. Dette gir ein eigenkapitalrentabilitet etter skatt på 4,8%, som forventta, men er noko lågare enn banken si målsetting i strategisk plan.

Fjoråret var prega av auke i rentenivået. Norges Bank auka styringsrenta med 0,25 prosentpoeng sju gonger i løpet av året. Morbanken sine netto rente- og kredittprovisjonsinntekter enda på 98,0 mill. kroner, som tilsvarar ein rentenetto på 2,14% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Tilsvarande tal for 2006 var 84,7 mill. kroner og 2,12%. Rentemarginen er auka frå 2,34% til 2,38% det siste året.

Sum netto andre driftsinntekter utgjorde 33,5 mill. kroner eller 0,73% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Av dette utgjorde netto provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester 24,2 mill. kroner, ein auke på 1,3% frå året før. Banken si verdipapirportefølje gav ei samla avkastning på 4,22% i 2007. I resultatrekneskapen er det inntektsført 5,6 mill. kroner i gevinstar på verdipapir. Hovuddelen av dette kjem frå gevinstar ved realisasjon av aksjar (4,6 mill. kroner).

Sum driftskostnader auka i 2007 til 81,2 mill. kroner og utgjør 1,77% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Samanliknande tal for 2006 var 76,2 mill. kroner og 1,91%. Auken i samla kostnader er på 6,5% og er langt mindre enn veksten i forvaltningskapital. Personalkostnadane utgjør den største auken med 1,9 mill. kroner eller 5,4%. Av auken utgjør løn til tilsette 1,7 mill. eller 6,4%. I dette talet ligg 1,2 mill. kroner i utbetalt bonus til tilsette.

Administrasjonskostnadane har ein auke på 1,7 mill. kroner som i hovudsak er auka utgifter til IT-drift. Andre driftskostnader aukar med 1,5 mill. kroner og skuldast eit betydeleg høgare tenestekjøp i året i samband med konkurssaker, konsesjonssøknad og intern revisjon. Banken sin kostnadsprosent for 2007 vart 61,7 i høve til banken sine driftsinntekter. For 2006 var kostnadsprosenten 65,3. Det er positivt at kostnadsprosenten er redusert og nærmar seg banken si målsetting. Reduksjonen skuldast i hovudsak at inntektsutviklinga har vore god det siste året. Det ser ut til at presset på rentemarginen vi har sett dei siste åra har avteke noko.

Banken har gjort store investeringar dei siste åra. På personalsida gjennom fleire tilsette og satsing på kompetanseheving, bygningsmessig gjennom nye og moderne lokale tilpassa ønskje om ei kvalitativt betre rådgjeving av kundane. Styret forventar at desse investeringane skal gje auka inntekter i åra framover og har godkjent noko høgare kostnader ei periode.

Tap på utlån og garantiar er i 2007 bokført med 5,6 mill. kroner. Konstaterte tap i året utgjør 2,9 mill. kroner og tapsavsetningane er auka med 2,6 mill. kroner.

Individuelle nedskrivningar utgjør 5,3 mill. kroner ved utgangen av 2007 og er ein auke på 2,8 mill. kroner frå året før. Misleghalde lån over 90 dagar utgjør 26,5 mill. kroner, ein reduksjon på 24,1 mill. frå 2006. Misleghaldet utgjør 0,58% av brutto utlån, redusert frå 1,32% året før.

Gruppevise nedskrivningar utgjør 10,4 mill. kroner ved utgangen av året og er redusert med 0,2 mill. frå 2006.

Etter frådrag for skatt med 12,9 mill. kroner, vart resultatet av ordinær drift i morbanken 31,8 mill. kroner mot 32,7 mill. kroner i 2006.

I samsvar med lov om årsrekneskap m.v. § 3-3a, stadfestar styret at føresetnadane for fortsett drift er til stades, og årsrekneskapen er sett opp etter denne føresetnaden.

### Resultatet for 2007 i konsernet

Det er morbanken som utgjør dei største resultatpostane i konsernrekneskapen. Datterselskapa blir konsolidert inn i konsernrekneskapen. Eigedomsselskapa skal i utgangspunktet ha eit resultat tilnærma i balanse og skal såleis ha liten netto innverknad på konserntala, men det vil virke inn på dei ulike resultatpostane.

Driftsresultatet før tap og skatt i konsernet vart 50,5 mill. kroner, ei betring frå 2006 då resultatet vart 41,4 mill. kroner. Resultatendringa kjem i hovudsak frå morbanken som er kommentert ovanfor. Resultatet før skatt er på nivå med 2006, 44,9 mill. kroner mot 45,2 mill. i 2006.


Resultat etter skatt enda på 31,9 mill. kroner mot 32,8 mill. i 2006. Dette gir ein eigenkapitalrentabilitet etter skatt på 4,9%.

### Årsoverskot og disponeringar


Styret foreslår følgjande disponeringar:

Årsoverskot av ordinær drift etter skatt	kr 31 817 000,-
Overført til sparebanken sitt fond	kr 23 917 000,-
Overført til gåvefond med ålmennyttige føremål	kr 7 900 000,-
Sum disponert	kr 31 817 000,-

Kostnadsprosent morbank ekskl. verdipapir




Resultat etter skatt (mill. kr), morbank




## Balansen

Konsernet hadde ved utgangen av 2007 ein forvaltningskapital på 5054,3 mill. kroner, som er ein auke i frå 2006 på 705 mill. kroner eller 16,2%. Konsernet fekk tilført kapital i året gjennom auke i innskot frå kundar på 172,6 mill. kroner eller 6,9% og auke i innlån frå kredittinstitusjonar på 537 mill. kroner. I 2006 var innskotsauken 9,2%.




Samla utlån auka 742,3 mill. kroner, eller 19,9% i fjor. Veksten i 2006 var 16,6%. Av denne veksten kom 371,8 mill. kroner frå private, medan næringslivet hadde ein samla vekst på 370,5 mill. kroner. Fordelinga mellom lån til personmarknaden og bedriftsmarknaden var ved utgangen av året 62,4% og 37,6% av banken si samla utlånsmasse. Målsettinga er å halde lån til næringslivet under 40% av banken sine samla utlån



Med den sterke utlånsveksten har innskotsdekninga vorte redusert i året. Frå eit nivå på over 66% i starten på året, fall den til 59% ved utgangen av året, og er no på eit historisk lågt nivå for banken.

## Konsernet sin egenkapital

Etter forslag til avsetningar utgjør konsernet sin egenkapital ved utgangen av året 668 mill. kroner. Konsernet si kapitaldekning er 16,56%, lovkravet er minimum 8%..



## Dotterselskap

Alle dotterselskapa er heileigde av morselskapet.

Hemsedal Regnskap AS vart stifta i 1984. Selskapet leverer rekneskapstenester og rådgjeving til næringslivet i området, og er det einaste lokale rekneskapsfirma med ein viss storleik i Hemsedal. Ved årsskiftet hadde selskapet 8 fast tilsette. Hemsedal Regnskap AS hadde eit negativt resultat etter skatt i 2007 på kr 132.000 mot eit overskot på kr 122.000 i 2006.

EiendomsMegler 1 Geilo AS vart stifta i 2000. SpareBank 1 Hallingdal kjøpte i 2007 85% av aksjane i selskapet. Selskapet driv eigedomsmekling på Geilo og er ein svært profilert meklar av fritidsbustader i Norge. Selskapet har 4 tilsette.

SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS driv med utleige og drift av fast eigedom og driftslausøyre. Selskapet vart stifta i 2004, og har ingen fast tilsette. Selskapet leiger ut lokale til banken i Hemsedal, Hemsedal Regnskap AS og nokre eksterne leigetakarar. Resultat etter skatt i 2007 vart kr 141.000 mot kr 300.000 i 2006. Ombygginga av bankbygget i Hemsedal er kostnadsført og aktivert i eigedomsselskapet.

SpareBank 1 Gol Eigedom AS driv med utleige og drift av fast eigedom. Selskapet vart stifta i mai 2005, og har ein fast tilsett. Selskapet leiger ut lokale til banken i Gol og EiendomsMegler 1. Resultatet etter skatt vart eit underskot kr 454.000 mot overskot på kr 528.000 i 2006. Underskotet kjem som følge av ein del innvendige omgjeringsar er kostnadsført i året.

SpareBank 1 Ål Eigedom AS driv med utleige og drift av fast eigedom. Selskapet vart stifta i september 2006, og har ingen fast tilsette. Selskapet leiger ut lokale til banken på Ål, og til nokre eksterne leigetakarar i underetasjen i

Ålingen kjøpesenter. Resultatet i det første heile driftsåret vart eit underskot på kr 148.000, men mindre avskrivningar i konsernet gjer at resultatverknaden i konsernrekneskapen blir 0.

SpareBank 1 Hallingdal Invest AS har som føremål å investere i verksemdar. Selskapet vart stifta i 1982 som eit eigedomsselskap, men endra namn og føremål i 2006. Selskapet har ingen fast tilsette. Selskapet eig 1/3 av aksjane i Torpomoen Eigedom AS som vart stifta i 2003. I tillegg eig selskapet 18% av aksjane i Torpomoen Drift AS stifta i 2005. Frå desse selskapa er det innarbeidd eit underskot på kr 127.000 i 2007. Resultatet etter skatt i SpareBank 1 Hallingdal Invest AS i det første driftsåret etter omlegging til investeringselskap er negativt med kr 182.000.

## Utsiktene for 2008

Etter betydeleg renteoppgang i Norge dei to føregåande åra, er det venta ei utflating i 2008. Dette vil kunne føre til sterkare konkurranse på innskots- og utlånsvilkår, spesielt frå nyetablerte bankar med smalare produktspekter.

Aktivitetsnivået er venta å bli høgt i entreprenørbransjen i 2008 ettersom ordreservane er gode. Fleire store eigedomsprosjekt frå 2007 blir vidareført i 2008 og mange førehandsselde hytter skal først opp.

Vintersesongen 2007/2008 vil bli svært god. Førehandsbestillingane er 15%-20% opp frå i fjor, og det er ein god indikasjon på forventa vekst for heile vintersesongen. I tillegg er svært gode snøtilhøve med på å auke trafikken.

Prisnivået på fritidsbustader er forventa å halde seg på dagens nivå i 2008. Høgare rentenivå er ikkje venta å påverke prisane vesentleg. Etterspørselen er også forventa å vere god ut året.

Banken har lykkast med si satsing på eigedomsmeikling i Hallingdal. Med nytt kontor i Hemsedal og oppkjøp av Terra Eiendomsmeikling AS på Geilo er EiendomsMegler 1 vorte den største meklaren i Hallingdal. Denne posisjonen vil forsterkast i 2008.

Innafor jordbruket har banken fått ein leiande posisjon på finansiering av omstillingar. Banken har ei målsetting om å oppnå same posisjon innafor energisektoren og då relatert til minikraftverk.

Den omtala interne satsinga på kompetanseheving der rådgjevarane handterer heile produktspekteret er venta å gje ein positiv inntektseffekt som blir meir synleg i året som kjem.

Banken forventar i 2008 eit resultat på i overkant av 50 mill. kroner før skatt.

## Avsluttande merknader

Styret takkar kundar, forretningskontaktar, tillitsvalde og tilsette for eit godt samarbeid i 2007. Solid innsats i alle ledd i organisasjonen har gitt banken eit godt utgangspunkt for 2008.

Ein syner elles til rekneskapen med noter.

Hallingdal, den 31. desember 2007 / 11. februar 2008

*Kjell Vidar Bergo (sign.)*  
Styreformann

*Kjell R. Kristiansen (sign.)*  
Nestformann

*Sissel Bjørøen (sign.)*

*Berit Heitmann Skrindo (sign.)*

*Mikael Fønhus (sign.)*

*Vidar Isungset (sign.)*

# Resultatrekneskap

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

Note	2007 Morbank	2007 Konsern	2006 Morbank	2006 Konsern
<b>Renteinntekter og liknande inntekter</b>				
Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kred.inst.	5 266	5 359	3 257	3 257
Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kundar	236 260	232 824	152 813	150 506
Renter og likn. innt. av sertifi., obl. og and. renteb. v.pap.	10 890	10 890	7 865	7 865
Andre renteinntekter og liknande inntekter	106	107	106	107
<b>Sum renteinntekter og liknande inntekter</b>	<b>252 522</b>	<b>249 180</b>	<b>164 041</b>	<b>161 735</b>
<b>Rentekostnader og liknande kostnader</b>				
Renter og liknande kostn. på gjeld til kred.institusjonar	20 153	20 197	9 393	9 393
Renter og liknande kostn. på innsk. frå og gjeld til kundar	86 131	86 008	47 600	47 538
Renter og liknande kostn. på utstedte verdipapir	48 176	48 176	22 275	22 275
Andre rentekostnader og liknande kostnader	-	-	26	28
<b>Sum rentekostnader og liknande kostnader</b>	<b>154 460</b>	<b>154 381</b>	<b>79 294</b>	<b>79 234</b>
<b>NETTO RENTE- OG KREDITTPROVISJONSINTEKTER</b>	<b>98 062</b>	<b>94 799</b>	<b>84 747</b>	<b>82 501</b>
<b>Utbytte og andre innt. av v.pap. med var. avkastning</b>				
Inntekter av aksjar, andelar og andre verdipapir med var. avkast.	2a 2 274	2 274	1 184	1 184
Inntekter av eigarinteresser i tilknytta selskap	2c -	-127	-	-328
Inntekter av eigarinteresser i konsernselskap	2b -631	-	216	-
<b>Sum utbytte og andre inntekter av v.pap.med var. avkastning</b>	<b>1 643</b>	<b>2 147</b>	<b>1 400</b>	<b>856</b>
<b>Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester</b>				
Garantiprovisjon	5 4 444	4 444	5 861	5 861
Andre gebyr og provisjonsinntekter	6 21 795	21 795	20 525	20 520
<b>Sum provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester</b>	<b>26 239</b>	<b>26 239</b>	<b>26 386</b>	<b>26 381</b>
<b>Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester</b>				
<b>Andre gebyr og provisjonskostnader</b>	<b>2 007</b>	<b>2 007</b>	<b>2 490</b>	<b>2 490</b>
<b>Netto verdiendr, gev./-tap på val. og v.papir som er oml.m.</b>				
Nto verdiendr., gev./-tap på sertifikat, obl.og andre renteb. v.pap.	1 -277	-277	-1 110	-1 110
Nto verdiendr., gev./-tap på aksjar og and. v.pap. med var.avkastn.	4 557	4 557	4 512	4 512
Nto verdiendr., gev./-tap på valuta og finansielle derivater	12 1 365	1 365	1 419	1 419
<b>Sum nto verdiendr, gev./-tap på val. og v.papir som er oml.m.</b>	<b>5 645</b>	<b>5 645</b>	<b>4 821</b>	<b>4 821</b>
<b>Andre driftsinntekter</b>				
Driftsinntekter faste eigedomar	4 81	860	87	727
Andre driftsinntekter	1 906	9 277	1 748	5 193
<b>Sum andre driftsinntekter</b>	<b>1 987</b>	<b>10 137</b>	<b>1 835</b>	<b>5 920</b>
<b>Sum andre inntekter</b>	<b>33 507</b>	<b>42 161</b>	<b>31 952</b>	<b>35 488</b>
<b>SUM NETTO DRIFTSINTEKTER</b>	<b>131 569</b>	<b>136 960</b>	<b>116 699</b>	<b>117 989</b>
<b>Løn og generelle administrasjonskostnader</b>				
Løn m.v.	8a 28 548	32 707	26 821	29 572
Pensjonar	9 3 517	3 926	3 359	3 653
Sosiale kostnader	4 989	5 434	4 990	5 293
Administrasjonskostnader	23 993	24 043	22 283	22 372
<b>Sum løn og generelle administrasjonskostnader</b>	<b>61 047</b>	<b>66 110</b>	<b>57 453</b>	<b>60 890</b>

	Note	2007 Morbank	2007 Konsern	2006 Morbank	2006 Konsern
<i>Avskrivinger m.v. av varige dr.middel og immatr. eigned.</i>					
<b>Ordinære avskrivinger</b>	4	1 570	6 237	1 637	5 441
<b>Andre driftskostnader</b>					
Driftskostnader faste eiendomar		89	1 637	24	693
Andre driftskostnader	7	18 471	12 467	17 080	9 552
<b>Sum andre driftskostnader</b>		<b>18 560</b>	<b>14 104</b>	<b>17 104</b>	<b>10 245</b>
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>		<b>81 177</b>	<b>86 451</b>	<b>76 194</b>	<b>76 576</b>
<b>DRIFTSRESULTAT FØR TAP</b>		<b>50 392</b>	<b>50 509</b>	<b>40 505</b>	<b>41 413</b>
<b>Tap på utlån og garantiar</b>					
Tap på utlån	3	5 645	5 645	-1 188	-1 188
<b>Sum tap på utlån, garantiar m.v.</b>		<b>5 645</b>	<b>5 645</b>	<b>-1 188</b>	<b>-1 188</b>
<b>Nedskrivning/reversering av nedskrivning og gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidler</b>					
Nedskrivning/reversering av nedskrivning	2a	-	-	-	443
Gevinst/tap		-19	-14	-2 995	-2 995
<b>Sum nedsk/rev av nedsk og gev/tap på vp som er anl.m.</b>		<b>-19</b>	<b>-14</b>	<b>-2 995</b>	<b>-2 552</b>
<b>RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD</b>		<b>44 766</b>	<b>44 878</b>	<b>44 688</b>	<b>45 153</b>
<b>Skatt på ordinært resultat</b>	14	<b>12 949</b>	<b>12 933</b>	<b>11 986</b>	<b>12 370</b>
<b>RESULTAT AV ORDINÆR DRIFT ETTER SKATT</b>		<b>31 817</b>	<b>31 945</b>	<b>32 702</b>	<b>32 783</b>
Minoritetsandel av resultatet			78		
<b>RESULTAT FOR REKNESKAPSÅRET</b>		<b>31 817</b>	<b>31 867</b>	<b>32 702</b>	<b>32 783</b>
<b>Overføringar og disponeringar</b>					
Disponeringar					
Overført til sparebanken sitt fond	15	23 917		32 577	
Overført til gåver		7 900		125	
<b>SUM DISPONERINGAR</b>		<b>31 817</b>		<b>32 702</b>	

# Balanse per 31. desember 2007

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

EIGEDELAR	Note	2007 Morbank	2007 Konsern	2006 Morbank	2006 Konsern
<b>Kontantar og fordringar på sentralbankar</b>		<b>21 626</b>	<b>21 626</b>	<b>27 804</b>	<b>27 804</b>
<b>Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar</b>					
Utlån til og fordr. på kred.inst. utan avtalt løpet.el.opps.frist		88 826	89 162	172 437	172 437
Utlån til og fordr. på kred.inst. med avtalt løpet.el.opps.frist		-	492	25 000	25 492
<b>Sum utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar</b>		<b>88 826</b>	<b>89 654</b>	<b>197 437</b>	<b>197 929</b>
<b>Utlån til og fordringar på kundar</b>					
Kasse-/drifts- og brukskredittar		956 315	956 315	593 195	593 195
Byggjelån		238 586	238 586	67 345	42 994
Nedbetalingslån		3 371 825	3 281 017	3 153 035	3 097 473
<b>Sum utlån før nedskrivning</b>		<b>4 566 726</b>	<b>4 475 918</b>	<b>3 813 575</b>	<b>3 733 662</b>
- Individuelle nedskrivningar	3	5 332	5 332	2 563	2 563
- Gruppevise nedskrivningar	3	10 400	10 400	10 600	10 600
<b>Sum netto utlån og fordringar på kundar</b>		<b>4 550 994</b>	<b>4 460 186</b>	<b>3 800 412</b>	<b>3 720 499</b>
<b>Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. verdipapir m/fast avkastning</b>					
Utstedt av det offentlege – Sertifikat og obligasjonar		95 520	95 520	94 616	94 616
Utstedt av andre – Sertifikat og obligasjonar		152 088	152 088	132 973	132 973
<b>Sum sertifikat, obl. og andre rentebærande verdipapir</b>	<b>1</b>	<b>247 608</b>	<b>247 608</b>	<b>227 589</b>	<b>227 589</b>
<b>Aksjar og andre verdipapir m/var. avkastning</b>					
Aksjar, andelar og grunnfondsbevis	2a	73 112	74 173	65 064	66 131
Andelar i ansvarlege selskap, kommandittselskap m.v.	2a	1 037	1 037	995	995
<b>Sum aksjar og andre verdipapir m/var. avkastning</b>		<b>74 149</b>	<b>75 210</b>	<b>66 059</b>	<b>67 126</b>
<b>Eigarinteressar i tilknytta selskap</b>	<b>2c</b>	<b>-</b>	<b>1 382</b>	<b>-</b>	<b>1 420</b>
<b>Eigarinteressar i konsernselskap</b>	<b>2b</b>	<b>23 034</b>	<b>-</b>	<b>4 389</b>	<b>-</b>
<b>Immaterielle eigedelar</b>					
Goodwill	4	-	17 405	-	-
Utsett skattefordel	14	-	736	-	-
<b>Sum immaterielle eigedeler</b>		<b>-</b>	<b>18 141</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
<b>Varige driftsmiddel</b>					
Maskinar, inventar og transportmidlar		2 457	8 772	2 650	6 664
Bygningar og andre faste eigedomar		1 826	80 307	1 826	67 792
Andre varige driftsmiddel		3 945	3 945	4 245	4 245
<b>Sum varige driftsmiddel</b>	<b>4</b>	<b>8 228</b>	<b>93 024</b>	<b>8 721</b>	<b>78 701</b>
<b>Andre eigedelar</b>					
Finansielle derivater	12	505	505	608	608
Andre eigedelar		12 319	12 319	3 066	3 066
<b>Sum andre eigedelar</b>		<b>12 824</b>	<b>12 824</b>	<b>3 674</b>	<b>3 674</b>
<b>Forskotsbetalingar og opptente ikkje mottekne inntekter</b>					
Opptente ikkje mottekne inntekter		16 713	16 713	12 411	12 411
Overfinansiering av pensjonsforpliktingar	9	9 461	9 847	8 362	8 768
Andre forskotsbetalte ikkje påløpte kostnader		1 022	8 070	760	2 983
<b>Sum forskotsbetalingar og opptente ikkje mottekne inntekter</b>		<b>27 196</b>	<b>34 630</b>	<b>21 533</b>	<b>24 162</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>	<b>10,11</b>	<b>5 054 485</b>	<b>5 054 285</b>	<b>4 357 618</b>	<b>4 348 904</b>



GJELD OG EIGENKAPITAL		2007	2007	2006	2006
	Note	Morbank	Konsern	Morbank	Konsern
<b>GJELD</b>					
<b>Gjeld til kredittinstitusjonar</b>					
Lån og inns. frå kred.inst. med avtalt løpetid eller opps.frist		377 000	378 187	377 000	377 000
<b>Sum gjeld til kredittinstitusjonar</b>	<b>10,11</b>	<b>377 000</b>	<b>378 187</b>	<b>377 000</b>	<b>377 000</b>
<b>Innskot frå og gjeld til kundar</b>					
Innskot frå og gjeld til kundar utan avtalt løpetid		2 466 051	2 462 680	2 279 422	2 274 897
Innskot frå og gjeld til kundar med avtalt løpetid		223 408	223 408	238 598	238 598
<b>Sum innskot frå og gjeld til kundar</b>	<b>10,11</b>	<b>2 689 459</b>	<b>2 686 088</b>	<b>2 518 020</b>	<b>2 513 495</b>
<b>Gjeld stifta v/utsteding av verdipapir</b>					
Obligasjonsgjeld		1 267 111	1 267 111	729 790	729 790
- Eigne ikkje - amortiserte obligasjonar	12	2 000	2 000	3 250	3 250
<b>Sum gjeld stifta v/utsteding av verdipapir</b>	<b>10,11</b>	<b>1 265 111</b>	<b>1 265 111</b>	<b>726 540</b>	<b>726 540</b>
<b>Anna gjeld</b>					
Finansielle derivater	12	201	201	156	156
Anna gjeld		25 678	22 137	75 924	71 529
<b>Sum anna gjeld</b>		<b>25 879</b>	<b>22 338</b>	<b>76 080</b>	<b>71 685</b>
<b>Påløpte kostnader og forskotsbetalte inntekter</b>		<b>15 817</b>	<b>20 251</b>	<b>11 177</b>	<b>12 829</b>
<b>Avsetningar for påløpte kostnader og forpliktingar</b>					
Pensjonsforpliktingar	9	11 048	11 794	9 897	10 473
Utsett skatt		1 348	548	1 898	831
Andre avsetningar for påløpte kostnader og forpliktingar		-	156	-	-
<b>Sum avsetningar for påløpte kostnader og forpliktingar</b>		<b>12 396</b>	<b>12 498</b>	<b>11 795</b>	<b>11 304</b>
<b>SUM GJELD</b>		<b>4 385 662</b>	<b>4 384 473</b>	<b>3 720 612</b>	<b>3 712 853</b>
<b>Minoritetsinteresser</b>			<b>1 894</b>		
<b>EIGENKAPITAL</b>					
<b>Opptent eigenkapital</b>					
Sparebanken sitt fond	15	660 923	660 923	637 006	637 006
Gåvefond		7 900	7 900	-	-
Anna eigenkapital		-	-905	-	-955
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>668 823</b>	<b>667 918</b>	<b>637 006</b>	<b>636 051</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL</b>		<b>668 823</b>	<b>667 918</b>	<b>637 006</b>	<b>636 051</b>
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>10,11</b>	<b>5 054 485</b>	<b>5 054 285</b>	<b>4 357 618</b>	<b>4 348 904</b>
<b>Betinga forpliktingar</b>					
Garantiar	5				
Pantstillingar	1,5				
Eigenkapitalrelaterte derivat	12				
Betinga forpliktingar					

Hallingdal, den 31. desember 2007 / 11. februar 2008

Kjell Vidar Bergo (sign.)  
Styreformann

Kjell R. Kristiansen (sign.)  
Nestformann

Sissel Bjørøen (sign.)

Berit Heitmann Skrindo (sign.)

Mikael Fønhus (sign.)

Vidar Isungset (sign.)

# NOTER TIL KONSERNREKNESKAPEN 2007

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

## Rekneskapsprinsipp

Dei nytta rekneskapsprinsippa er omtala under dei enkelte notar. Banken har ikkje leasingavtaler eller factoringavtaler.

## Konsolidering

Konsernrekneskapa som er lagt fram omfattar SpareBank 1 Hallingdal, samt banken sine heileigde dotterselskap Hemsedal Regnskap AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Gol Eigedom AS og SpareBank 1 Ål Eigedom AS, samt EiendomsMegler 1 Geilo med 85 % eigarandel.

Interne føringar og mellomværande mellom banken og dei nemnde dotterselskapa blir eliminert.

## Note 1: Obligasjonar og andre renteberande verdipapir morbank

Heile obligasjonsporteføljen er klassifisert som bankportefølje, og er børsnoterte verdipapir. Obligasjonar er vurdert til det lågaste av marknadsverdi (børskurs 31.12) og kostpris. Porteføljeprinsippet er nytta.

Ut frå dagleg gjennomsnittleg verdipapirbeholdning for obligasjonar / ansvarlege lån på kr 230 mill. utgjør avkastninga 4,22 %.

Behaldninga av obligasjonar er sett saman slik:

Obligasjonar/ansvarlege lån morbank	Risikoklasse	Bokført verdi	Marknadsverdi
Børsnotert			
Bokført verdi av obligasjonar fordelt på følgjande risikoklassar:			
Utstedt av det offentlege	0%	100 570	100 490
Utstedt av andre	20%	44 138	44 144
Kredittføretak	20%	103 173	102 974
		<b>247 881</b>	<b>247 608</b>
Porteføljenedskriving		273	-
<b>Sum obligasjonar/ansvarlege lån morbank</b>		<b>247 608</b>	<b>247 608</b>

### Rentefølsemd på verdipapir

Verdiportefølja til banken hadde ved slutten av året ei rentefølsemd rekna til 579 ved 1%-poeng renteendring.

Fastsett ramme for rentefølsemd er 6.900 ved 1%-poeng renteendring. Plasseringane er innanfor fastsett ramme.

### Ansvarleg lånekapital

Ansvarleg lån i kredittinstitusjonar	2 310
Ansvarleg lånekapital bokført under utlån	2 367
<b>Sum ansvarleg lånekapital</b>	<b>4 677</b>

## NOTE 2a: Aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis

Behaldninga er klassifisert som bankportefølje (kortsiktig) og anleggsporfølje. Behaldninga er vurdert til det lågaste av marknadsverdi (børsverdi 31.12) og kostpris for porteføljane.

Nedskriving blir gjort dersom marknadsverdi for porteføljen er lågare enn kostpris.

Aksjar:	Antal aksjar	Bokført verdi	Marknadsverdi
Stolt-Nielsen	790	94	128
Acergy	3 400	187	412
Funcom	4 500	173	112
Subsea 7 Inc	900	64	109
Golden Ocean	5 000	205	169
Seadrill	6 000	560	795
Vizrt	7 500	220	289
Marine Harvest	21 000	133	73
Data Respons	13 000	163	224
Prosafe	4 230	189	400

<b>Aksjar:</b>	<b>Antal aksjar</b>	<b>Bokført verdi</b>	<b>Marknadsverdi</b>
Fred Olsen Energy ASA	1 860	339	553
Revus Energy	1 500	123	118
Orkla AS	14 650	980	1 542
Det Norske Oljeselskap	2 000	30	20
Ementor Asa	9 500	346	391
Norsk Hydro As	7 150	309	555
Tandberg Asa	1 920	159	218
DnB NOR Asa	16 160	1 204	1 341
Telenor Asa	9 550	670	1 239
StatoilHydro	6 882	797	1 163
Renewable Energy Corporation	3 200	443	883
Odim	4 000	100	336
Petroleum Geo-Services	4 500	286	710
Yara International	4 540	323	1 142
Aker Kværner	1 000	173	145
Jinhui Shipping & Transp.	5 000	230	295
Aker	846	191	287
Awilco Offshore	5 200	280	316
Songa Offshore Asa	6 500	398	478
Ability Group	5 000	250	250
Storebrand Asa	2 500	159	142
<b>Sum aksjar</b>		<b>9 778</b>	<b>14 835</b>
<b>Aksjefond:</b>			
ABN AMRO Global Quant	37 990	7 606	9 186
ABN AMRO Global Emerging Markets	1 786	897	1 515
ABN AMRO High Dividende Equ	1 263	715	649
ABN AMRO Norden	8 148	2 504	2 096
<b>Sum aksjefond</b>		<b>11 722</b>	<b>13 446</b>
<b>Sum kortsiktig plassering morbank</b>		<b>21 500</b>	<b>28 281</b>
<b>Anleggsaksjar:</b>	<b>Antal aksjar</b>	<b>Bokført verdi</b>	
Aal Skisenter AS	40	50	
Samarbeidende Sparebanker AS	30 186	30 797	
SpareBank 1 Boligkreditt AS	108 700	14 273	
Ringerike/Hadeland Eiendomsmegler AS	74	2 702	
BBS/Bank-Axcept AS	13 040	312	
Teller AS	74	647	
Spama AS	130	11	
SpareBank 1 Eiendomsinvest AS	28 200	2 820	
<b>Sum anleggsaksjar morbank</b>		<b>51 612</b>	
<b>Sum aksjar og grunnfondsbevis morbank</b>		<b>73 112</b>	
<b>Aksjar:</b>		<b>Bokført verdi</b>	
Anleggsaksjar 01.01		40 796	
Tilgang		10 816	
Avgang		-	
<b>Anleggsaksjar 31.12 morbank</b>		<b>51 612</b>	
<b>Felleskontrollert verksemd</b>			
<b>Andelar i ansvarlege selskap</b>	<b>Eigarandel</b>	<b>Selskapskapital</b>	
Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA	5,154	928	
<b>Balanseverdi 01.01</b>		<b>995</b>	
Reduksjon andel selskapskapital		0	
Resultat andel		42	
<b>Balanseverdi 31.12</b>		<b>1 037</b>	

## Note 2b: Datterselskap

SpareBank 1 Hallingdal er eineaksjonær i SpareBank 1 Hallingdal Invest AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Gol Eigedom, Hemsedal Regnskap AS og SpareBank 1 Ål Eigedom AS.

Banken eig 85% av EiendomsMegler 1 Geilo.

Datterselskap er innarbeid etter eigenkapitalmetoden.

### SpareBank 1 Hallingdal Invest AS

SpareBank 1 Hallingdal Invest AS selde per 31. oktober 2006 driftsmidlar/bygningar til øvrige datterselskap.

Selskapet eig no div. aksjar og andelar.

Selskapet vart stifta i 1982. Selskapet har ingen faste tilsette.

### SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS

SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS driv med kjøp, bygging, leige og drift av fast eigedom, samt utleige av driftsmidlar.

Selskapet vart stifta i 2004. Selskapet har ingen faste tilsette. Selskapet leiger ut lokal til banken i Hemsedal.

### SpareBank 1 Gol Eigedom AS

SpareBank 1 Gol Eigedom AS driv med kjøp, bygging, leige og drift av fast eigedom.

Selskapet vart stifta i 2005. Selskapet har 1 fast tilsett. Selskapet leiger ut lokal til banken på Gol.

### SpareBank 1 Ål Eigedom AS

SpareBank 1 Ål Eigedom AS driv med kjøp, bygging, leige og drift av fast eigedom.

Selskapet vart stifta i 2006. Selskapet har ingen faste tilsette. Selskapet leiger ut lokal til banken på Ål.

### Hemsedal Regnskap AS

Hemsedal Regnskap AS har 8 faste tilsette. Verksemda består av å yte bistand til næringslivet i form av rekneskapsføring og informasjonsteneste. Dagleg leiar er Per Gunnar Markegård.

### EiendomsMegler 1 Geilo AS

EiendomsMegler 1 Geilo AS har 4 tilsette. Verksemda driv eigdomsmekling.

Dagleg leiar er Christian Haatuft.

Følgjande postar i banken sin morrekneskap er påverka av engasjementet med datterselskapa:

	SB1 Hallingdal Invest AS		SB1 Hemsedal Eigedom AS		SB1 Gol Eigedom AS		SB1 Ål Eigedom AS		Hemsedal Regnskap AS		EM1 Geilo AS	
	2007	2006	2007	2006	2007	2006	2007	2006	2007	2006	2007	2006
Renteinntekter på utlån frå kundar	1	777	449	154	1 895	1 211	1 057	87	1	2	-	-
Renteutgifter på innskot frå kundar	6	13	59	22	33	17	10	1	15	9	-	-
Andre driftsutgifter	-	2 606	2 742	1 370	3 905	4 029	1 483	310	160	168	-	-
Innskot frå kundar	133	356	1 975	218	700	1 111	69	252	494	611	-	-
Utlån til kundar	-	-	36 834	24 351	34 457	35 574	19 517	19 988	-	-	-	-
<b>Bokført verdi i morbanken 01.01</b>	<b>2 269</b>	<b>-1 499</b>	<b>709</b>	<b>409</b>	<b>1 005</b>	<b>477</b>	<b>-4 396</b>	<b>-</b>	<b>405</b>	<b>283</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
Andel av årets resultat	-182	-718	141	300	-454	528	-	-9	-132	122	-3	-
Kjøp i løpet av året	-	0	-	-	-	-	-	-	-	-	19 276	-
Tilført ved interngevinst salg bygg	-	4 486	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Eliminert interngevinst bygg	-	-	-	-	-	-	-	-4 487	-	-	-	-
Innbetaling ved aksjeteikning	-	-	-	-	-	-	-	100	-	-	-	-
<b>Bokført verdi i morbanken 31.12</b>	<b>2 087</b>	<b>2 269</b>	<b>850</b>	<b>709</b>	<b>551</b>	<b>1 005</b>	<b>-4 396</b>	<b>-4 396</b>	<b>273</b>	<b>405</b>	<b>19 273</b>	<b>-</b>
Bokført eigenkap. i datterselskapet	2 087	2 269	850	709	551	1 005	-58	90	273	405	19 273	-
Bokført resultat i datterselskapet	-182	3 768	141	300	-454	528	-148	-9	-132	122	-3	-
Eigarandel i morbanken	100%	100%	100%	100%	100%	100%	100%	100%	100%	100%	85%	-

## Note 2c: Tilknyttta selskap

### Torpomoen Eigedom AS

Banken sitt datterselskap SpareBank 1 Hallingdal Invest AS

eig 33% av Torpomoen Eigedom AS

Selskapet vart stifta i år 2003.

Tilknyttta selskap er innarbeid etter eigenkapitalmetoden.

### Følgjande postar i konsernet sitt rekneskap

er påverka av engasjementet med tilknyttta selskap:

	2007	2006
<b>Bokført verdi i konsern 01.01</b>	<b>1 403</b>	<b>1 568</b>
Andel av årets resultat	-144	-165
<b>Bokført verdi i konsern 31.12</b>	<b>1 259</b>	<b>1 403</b>
Konsernet sin eigarandel er 33%		
Bokført eigenkap. tilknyttta selskap 100%	3 777	4 249
Årets resultat tilknyttta selskap 100%	-472	-536
Samla gjeld	1 731	3 062

### Torpomoen Drift AS

Banken sitt datterselskap SpareBank 1 Hallingdal Invest AS eig

18% av Torpomoen Drift AS

Selskapet vart stifta i år 2005.

Tilknyttta selskap er innarbeid etter eigenkapitalmetoden.

### Følgjande postar i konsernet sitt rekneskap

er påverka av engasjementet med tilknyttta selskap:

	2007	2006
<b>Bokført verdi i konsern 01.01</b>	<b>18</b>	<b>180</b>
Kapitaltilførsel	90	-
Andel av årets resultat	16	-162
<b>Bokført verdi i konsern 31.12</b>	<b>124</b>	<b>18</b>
Konsernet sin eigarandel er 18%		
Bokført eigenkap. tilknyttta selskap 100%	686	97
Årets resultat tilknyttta selskap 100%	89	-903
Samla gjeld	341	205

## Note 3a: Risikoklassifisering av utlånsporteføljen

### Risikoklassifisering

SpareBank 1 Hallingdal risikoklassifiserer alle sine utlånsengasjement. Kundane blir klassifisert etter reint objektive kriterier som åtføring, inntøying, tæring og sikkerheit.

Klassifiseringa er ein integrert del av kredittprosessen og alle kundar blir kvar månad risikoklassifisert i banken sitt risikoklassifiseringssystem, som blir drifta av SpareBank 1-alliansen.

Systemet gir banken ein god oversikt over risikoen i utlånsporteføljen til ein kvar tid, og viser endringar i risikonivået over tid.

Klassifiseringa blir vidare brukt som eit grunnlag for prioritering av ressursbruk, vurdering av framtidige tapsprognosar og val av satsingsområde.

Prising av utlån og garantiar er knytt til risikoklassar gjennom banken si prislister.

Prislista er delt inn i intervall for pris i kvar risikoklasse.

	Brutto utlån		Garantiar		Trekkeattar		Individuelle nedskrivningar		Forventa årleg tap
	2007	2006	2007	2006	2007	2006	2007	2006	2008
Svært låg risiko	2 141 067	1 872 971	133 135	289 187	242 332	176 715	-	-	9
Låg risiko	754 647	545 276	83 387	42 644	103 437	53 511	-	-	36
Moderat risiko	1 107 133	957 417	92 080	94 882	91 767	55 981	-	-	127
Høg risiko	203 537	151 423	4 673	12 633	2 929	15 981	-	-	313
Svært høg risiko	332 763	240 844	8 915	18 346	38 937	24 176	-	-	1 281
Misleghelde og nedskrive	27 579	45 644	83	9 247	-	1 157	5 333	2 563	2 234
<b>Sum</b>	<b>4 566 726</b>	<b>3 813 575</b>	<b>322 273</b>	<b>466 939</b>	<b>479 402</b>	<b>327 521</b>	<b>5 333</b>	<b>2 563</b>	<b>4 000</b>

Dei gruppevisse nedskrivningane i SpareBank 1 Hallingdal utgjer per 31.12.07 totalt 10,4 mill. kroner samanlikna med 10,6 mill. kroner ved utgangen av 2006.

Endringar i porteføljen blir overvåka gjennom året i banken sin risikorapport. Denne avstemminga skjer kvartalsvis og baserer seg på utrapportert migrering mellom risikoklassene. I 2007 har banken hatt ein utlånsvekst på 19,8% med sterkast vekst innafør bedriftsmarknaden.

Forventa framtidig tap byggjer på banken sin tapshistorikk. Banken ventar ingen vesentlege endringar i tap dei komande 12 månadane sjølv om rentenivået har auka mykje i 2007. Forventa årleg tap for 2008 er berekna til 1.000' for privatmarknaden og 3.000' for bedriftsmarknaden med ei fordeling mellom risikoklassane som byggjer på forventa tapsprosent for kvar risikoklasse i risikoklassifiseringssystemet.

Næringsliv	Brutto utlån		Garantiar		Trekkeattar	
	2007	2006	2007	2006	2007	2006
Offentleg sektor	4 728	2 782	-	-	7 750	-
Primærnæring	218 090	209 571	14 332	25 883	40 363	27 215
Industri	63 415	74 844	7 332	5 838	6 759	6 663
Bygg, anlegg, kraft	278 016	196 953	75 115	99 123	67 405	31 508
Varehandel	100 125	91 691	23 973	21 710	27 203	18 195
Hotell, restaurant og reiseliv	183 479	165 222	11 283	12 006	30 548	18 550
Transport	46 881	47 179	21 090	25 151	4 972	6 619
Forretningsmessig tenesteyting	119 835	124 086	6 896	6 019	9 788	30 769
Eigedom	734 688	455 588	83 167	112 334	41 239	49 457
<b>Sum næringsliv</b>	<b>1 749 257</b>	<b>1 367 916</b>	<b>243 188</b>	<b>308 064</b>	<b>236 026</b>	<b>188 976</b>
<b>Personkundar</b>	<b>2 817 469</b>	<b>2 445 659</b>	<b>79 085</b>	<b>158 875</b>	<b>243 376</b>	<b>138 545</b>
<b>Sum</b>	<b>4 566 726</b>	<b>3 813 575</b>	<b>322 273</b>	<b>466 939</b>	<b>479 402</b>	<b>327 521</b>

Næringsliv	Misleghaldne engasjement		Tapsutsette engasjement		Individuelle nedskrivningar	
	2007	2006	2007	2006	2007	2006
Offentleg sektor	-	-	-	-	-	-
Primærnæring	775	971	745	745	-	-
Industri	5 576	1 003	3 711	971	2 651	179
Bygg, anlegg, kraft	4 727	65	2 143	15	1 450	-
Varehandel	269	10 225	268	633	332	693
Hotell, restaurant og reiseliv	-	-	-	-	-	1 500
Transport	1 974	994	671	640	408	-
Forretningsmessig tenesteyting	537	193	364	-	347	-
Eigedom	1 557	3 500	-	-	-	-
<b>Sum næringsliv</b>	<b>15 415</b>	<b>16 951</b>	<b>7 902</b>	<b>3 004</b>	<b>5 188</b>	<b>2 372</b>
<b>Personkundar</b>	<b>16 177</b>	<b>35 597</b>	<b>2 198</b>	<b>17 431</b>	<b>144</b>	<b>191</b>
<b>Sum</b>	<b>31 592</b>	<b>52 548</b>	<b>10 100</b>	<b>20 435</b>	<b>5 332</b>	<b>2 563</b>

Gruppevisse nedskrivningar er ikkje fordelt på næring. Sjå kommentar ovanfor.

## Note 3b: Prinsipp for vurdering av engasjement

### Prinsipp for verdsetting av engasjement

Overvaking av kredittrisiko og handsaming av misleghaldne engasjement og andre engasjement som er identifisert som tapsutsette, er vurdert for eventuell nedskrivning. Overvaking av slike engasjement skjer blant anna gjennom risikoklassifisering og gjennomgang av restanseliste.

### Misleghaldne engasjement

Eit engasjement vert sett på som misleghalde når kunden ikkje har betalt forfalt termin innan 90 dagar etter forfall, eller når overtrekk på rammekreditt ikkje er dekt inn innan 90 dagar etter at rammekreditten vart overtrekt.

### Individuelle nedskrivningar

Individuelle nedskrivningar er avsetning til dekning av forventta tap på engasjement som er identifisert som tapsutsette på balansedagen. For at engasjementet skal klassifiserast som tapsutsett, må det liggje føre objektive bevis for at det har eit verdifall. Nedskrivninga vil vere forskjellen mellom balanseført verdi og noverdi av framtidig kontantstraum i engasjementet.

### Konstaterte tap

Tap blir rekna som konstatert ved stadfesta akkord eller konkurs, ved at utleggsforretningar ikkje har ført fram, ved rettskraftig dom, ved at banken har gitt avkall på heile eller delar av engasjementet, eller at engasjementet blir vurdert som tapt for banken.

### Gruppevise nedskrivningar

Lån som ikkje er teke med i dei individuelle nedskrivningane blir vurdert i høve til gruppevis nedskrivning. Låna blir handsama i grupper etter risikoklassifisering der erfaringstal på forventta tap i gruppa er sentral i vurderingane.

## Note 3c: Tap på utlån

	2007	2006	2005	2004	2003
Individuelle nedskrivningar 01.01	2 563	3 611	12 687	10 843	13 946
+ korr. inngåande balanse	-177				
Ny korr inngåande balanse 01.01	2 386	3 611	12 687	10 843	13 946
- konstaterte tap med tidlegare nedskrivningar	-299	-	-1 587	3	-2 225
+ auka individuelle nedskrivningar	-	37	500	1 929	3 051
+ nye individuelle nedskrivningar	4 805	1 500	2 000	1 822	136
- tilbakeførte individuelle nedskrivningar	-1 547	-2 585	-9 989	-1 910	-4 065
- art 34829 og 35819 under pkt. 1.3	-12	-	-	-	-
<b>Individuelle nedskrivningar 31.12</b>	<b>5 333</b>	<b>2 563</b>	<b>3 611</b>	<b>12 687</b>	<b>10 843</b>
Gruppevise nedskrivningar 01.01	10 600	22 145	26 395	23 399	20 999
-/+ nedskrivningar i perioden	-200	600	-4 250	2 996	2 400
- nedskrivning mot eigenkapital/skatt	-	-12 145	-	-	-
<b>Gruppevise nedskrivningar 31.12</b>	<b>10 400</b>	<b>10 600</b>	<b>22 145</b>	<b>26 395</b>	<b>23 399</b>
Endring i individuell nedskrivning	2 959	-1 171	-9 076	1 844	-3 103
Endring i gruppevis nedskrivning	-200	600	-4 250	2 996	2 400
Konstaterte tap med tidl. nedskrivning	299	-	1 587	-3	2 225
Konstaterte tap utan tidl. nedskrivning	2 646	858	2 174	473	136
Inngang på tidlegare konstaterte tap	-59	-1 475	-1 256	-581	-81
<b>Tapskostnad i perioden</b>	<b>5 645</b>	<b>-1 188</b>	<b>-10 821</b>	<b>4 729</b>	<b>1 577</b>
Brutto misleghald	31 592	52 548	31 278	34 388	30 319
Individuelle nedskrivningar	-5 137	-2 040	-2 000	-3 299	-3 726
<b>Sum netto misleghaldne engasjement</b>	<b>26 455</b>	<b>50 508</b>	<b>29 278</b>	<b>31 089</b>	<b>26 593</b>
Ikkje mislegh. engasjem. med nedskrivning	250	591	1 814	47 846	44 017
Individuelle nedskrivningar	-191	-523	-1 611	-9 388	-7 116
<b>Sum netto ikkje misleghaldne engasjement med nedskrivning</b>	<b>59</b>	<b>68</b>	<b>203</b>	<b>38 458</b>	<b>36 901</b>
Tapsutsette engasjement	10 100	20 435	10 373	57 724	48 878
Individuelle nedskrivningar	-5 328	-1 063	-3 611	-12 270	-8 079
<b>Sum netto tapsutsatte engasjement</b>	<b>4 772</b>	<b>19 372</b>	<b>6 762</b>	<b>45 454</b>	<b>40 799</b>

## Note 3d: Utlån fordelt etter næring og geografi

